



Borgund Utvikling

Styremøte 4-2023

20.11.2023

Deltagere:

Kjell Rune Humborstad

John Bøthun Liøen

Torbjørn Kirkevold

Øyvind Hauge Horge

Ronja Brattebø

Ikkje til stade:

Morten Ørbeck Mo

Solgun Haugen

Sak 1: Gjennomgang forrige møtereferat

Ferdig

Sak 2: Juletre.

Tora og Jonas vil donera juletre til bygdi. Me kan reisa opp å henta når me vil. Øyvind tek ansvar, får med seg ein i styret eller utanfor. Øyvind skal sjekka med Gard om julelys.

Kor skal me setta juletreet? Ved/framfor flaggstanga utanfor puben? Ein annan moglegheit er å setta opp treet nett over vegen for puben (på marka ved Nyheim/barnehagen).

Sak 3: Julegateopning 2.desember.

Guro har fiksa alt. Me skal henga opp lys.

Treng nokon som kan fyra bålpanner.

Sak 4: Moglegheit for samanslåing av BU og Borgund ungdomslag.

Styret i BU har teke kontakt med Borgund ungdomslag med tanke på ei eventuell samanslåing. Styret i BU har vedteke at ein ynskjer å arbeida mot dette, då ein ikkje ser det som føremålsteneleg med to lag med ganske like formål i bygda. Dette vil bli diskutert vidare på årsmøte i mars.

Sak 5: Merch kopla mot høgtidssesongane.

BU jobbar for å designa merch mot høgtider som jul og andre spesielle anledningar. Kjem julegensar i shoppen i løpet av kort tid.

Sak 6: Utbetaling av merch-pengar.

Bui legg av pengane som dei sel for oss. Har pengar i ein konvolutt.

Puben har gjort noko liknande.

Me har teke inn 40 caps. Både bui og pub har restlager.

Totalt frå nettsal i 2023 har me fått inn ca kr.5000,-.

Sak 7: Rydding av kommunehus.

BU har hatt med sine representantar i ryddedugadar av kommunehuset inn mot flytting av skule. Kommunehuset er no rydda.

Sak 8: Oversikt over aktivitetar, lag og foreningar i Borgund.

- Borgund Utvikling lagar liste. Denne er framleis under utvikling.
- Til informasjon for nyttilflytta borgjinder. Done med QR-kode. Blir kobla opp til Borgund.info for å gje dei nyttilflytta ei oppdatert liste over tilbod sånn at den fyrste tida vert best mogleg. Den blir hengt opp på strategiske plassar i Borgund!

Sak 9: Live-kveld/festival.

Skal diskuteras nærmare over nyttår.

Sak 10: Sentrumsprosjektet.

John og Kjell Rune skal ta kontakt med andre medlemmar av sentrumsgruppa for å sjå om me klarar og få prosjektet i gang.

Saker på vent:

- Innkjøp av fastmontert lydutstyr på scenen i kommunehuset når skulen er ferdig oppussa. Skal søkje om midlar frå eksterne. Her snakkar me tidlegast 2024/2025.
- Treningsrom Borgund. Står på vent.

For styret

John Bøthun Liøen